
Saknr: 2020/842-2
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.01.2020

Tilskot til kulturbygg. Retningslinjer

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner kulturhus og arenaer for kultur er viktige møteplassar for ulik kulturell verksemd og aktivitetar i lokalsamfunna.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for ordninga tilskot til kulturbygg i Vestland

Samandrag

Tilskot til kulturbygg i Vestland er finansiert gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturhus. Ordninga er finansiert av spelemidlar, og den årlege tildelinga vert fordelt av Kulturdepartementet og forvalta av fylkeskommunane. Eigarane av kulturbygg søker om tilskot via kommunen, som godkjenner og sender vidare søknadene til fylkeskommunen innan fristen 30. april.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering prioriterer søknadene ut frå føremål og prioriteringar i retningslinjene og innanfor ramma av spelemidlar. Hovudutvalet må vedta retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Vestland, slik at tilskotsordninga kan lysast ut til kommunane og eigarar av kulturbygg i fylket.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny B. Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for Tilskot til kulturbygg

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskot til kulturbygg har vore ei støtteordning i fleire tiår, basert på overskotet av statlege spel, kalla spelemidlar. Den årlege tildelinga vert fordelt av Kulturdepartementet og forvalta av fylkeskommunane. Kulturdepartementet har fastsett retningslinjer for desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, gjeldande frå 1. januar 2010. Forslaget til retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Vestland har to delar. Den første delen byggjer på Kulturdepartementet sine retningslinjer. Den andre delen som er foreslått inneheld mellom anna prioriteringar, avgrensingar, vilkår og opplysningar om saksgangen.

Tilskota skal bidra til eigna lokale, bygningar og arenaer ute som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

I dei regionale planane for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane er kulturbygg og arenaer for kultur mellom anna omtalt gjennom følgjande mål:

I Sogn og Fjordane vil vi at:

- *Kulturhusa vert utvikla vidare som gode møtestader for alle slags kulturaktivitetar.*
- *Løyvingane frå spelemidlane til kulturbygg vert auka.*
- *Kommunane og fylkeskommunen må ha oversyn over alle kulturhusa i fylket, og i samarbeid med frivillige organisasjonar på fylkesnivå, som Sogn og Fjordane ungdomslag og Huset i bygda, kunne gi råd og rettleiing om drift og utvikling av kulturhusa.*

2. Arenautvikling – infrastruktur

Mål:

1. *Hordaland skal ha god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle, og som legg til rette for aktivitet og oppleving.*
2. *Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kulturminne, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde for friluftsliv.*

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har lang erfaring med sakshandsaming av tilskot til kulturbygg. Hordaland fylkeskommune har dei siste åra lyst ut to tilskotsordningar, *tilskot til lokale kulturbygg* med midlar frå spelemidlane og *tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar*, med fylkeskommunale midlar. Sogn og Fjordane fylkeskommune har lyst ut éi tilskotsordning til kulturbygg, med midlar frå spelemidlane.

I Hordaland vart det i 2019 tildelt 3,4 millionar kroner til i alt 13 prosjekt gjennom ordninga *tilskot til lokale kulturbygg* og 1,3 millionar kroner til fem prosjekt gjennom *ordninga tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar*. I Sogn og Fjordane vart det i 2019 tildelt 2,3 millionar kroner til seks prosjekt innan ordninga *tilskot til kulturbygg i Sogn og Fjordane*.

I 2019 vart det i alt søkt om spelemidlar til 25 kulturbygg i Hordaland og 19 i Sogn og Fjordane. Sidan 2011 har talet søkjarar lagt på mellom 15 og 34 i dei to fylka. Eit fleirtal av desse har fått avslag grunna få midlar i ordninga. Mange av dei som får avslag er godkjend for støtte, og ligg derfor inne med godkjente søknader i anleggsregisteret. Søknad om tilskot kan fornyast årleg – og prosjekt som er godkjente kan dermed rekne med å få støtte til prosjektet i åra framover. I praksis kan ein sjå på dette som eit køsystem, der huseigarane har høve til å starte opp og eventuelt fullføre prosjektet før tildeling og utbetaling vert gjort.

Både det offentlege, frivillige lag og organisasjonar, stiftingar og ulike selskap kan søkje om tilskot til kulturbygg, så sant føremålet til organisasjonen ikkje er økonomisk vinning. Svært mange av dei lokale kulturbygga er eigd av organisasjonar. Mange av desse husa er lokale kulturbygg, medan kulturbygga med regional funksjon ofte har kommunar eller særlege verksemder som eigarar.

Spelemidlane til kulturbygg har blitt redusert på landsbasis dei seinare åra. I 2012 var det i alt 130 millionar kroner til kulturbygg. Det har kome ei lita auke i midlane i 2018 og 2019, etter at støtta var nede i 47

millionar kroner i 2017. Behova for støtte til nybygg, rehabilitering og oppgradering av kulturbygga ser likevel ikkje ut til å ha blitt mindre om ein ser på talet søknader og kor mange kulturbygg som er godkjent, men har fått avslag på grunn av få midlar. Kulturdepartementet varslar både i kulturmeldinga, *Meld.St. 8 Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida* og i frivilligheitsmeldinga, *Meld. St. 10 Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig* at regjeringa vil vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippenøkkelen.

Tidlegare var spelemidlane til kulturbygg delt inn i to grupper av Kulturdepartementet, ei for lokale kulturbygg og ei for regionale kulturbygg. Hordaland fylkeskommune velde derfor å halde fram med ei tilskotsordning for kulturbygg med regional funksjonar. Fylkesdirektøren foreslår no å samle alle tilskotsmidlane i éi ordning, basert på spelemidlar.

Fylkestinget vedtok følgjande i budsjettet for 2020 som gjeld tilskot til kulturhus:

Tabell 4.4.17

<i>Tal i tusen</i>	
Tilskot til kulturhus	Budsjett 2020
Tilskot til kulturhus (spelemidlar)	4 667
Grieghallen	3 336
Sentralbadet scenekunsthus	5 000
Sum driftsutgifter	13 003
Sum driftsinntekter	-6 405
Netto driftsutgifter	6 598

Her er budsjettkommentarane til tabellen, henta frå budsjettdokumentet:

Vestland fylkeskommune vil motta spelemidlar til kulturhus i 2020. Den endelege summen vert fordelt av Kulturdepartementet etter at overskotet til Norsk Tipping ligg føre våren 2020. Løyvingane til Sentralbadet scenekunsthus og Grieghallen er knytt til langsiktige vedtak om fylkeskommunal medverknad i tiltaka. Fylkesrådmannen vil koma attende til innretting, kriteria og fordeling av spelemidlar til kulturhus i egne saker. Det vert lagt opp til at fordelinga vert nærare handsama i Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildeling vil bli gjort i samsvar med budsjett.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Kulturaktivitetar og -opplevingar har positiv verknad for folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for kulturbygg og arenaer for kultur.

Konklusjon

Fylkesdirektøren foreslår at det blir lyst ut ei støtteordning med tilskot til kulturbygg i Vestland, basert på spelemidlar til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Dei føreslegne retningslinjene definerer

ordninga, saksgang, innretning, vilkår og prioriteringar. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering gjer tildelingar frå tilskotsordninga i tråd med retningslinjene og innanfor ramma av spelemidlar.